

Kom med møblar og anna!

27.07.2009



Oppmodinga frå Festidalen-leiinga om å levera inn møblar og anna som kan gjera det triveleg under konsertane fredag og laurdag gjeld framleis. Det var ikkje så mange som kom med ting dei kunne avse laurdag. Fristen vart for stutt, trur festivalleiinga.

- Vi ynskjer sofaar, stolar, bord, tepper, lamper og speglar, for å nemna noko, seier Odd Henning Saghaug. Innlevering kan skje etter at ein har ringt 900 61746 på førehand eller sendt melding til oddhening@festidalen.no.

Det er også mogeleg å levere det ein har direkte i det dertil egna teltet på festivalarenaen mellom klokka ni om morgonen og fram til seine kvelden.

På biletet sit Saghaug med to av godstolane som kom inn laurdag, Alder spelar ingen rolle, berre møblane og anna er heile og reine.

(Foto: Ola Matti Mathisen)